

Til Økonomisjef

Isdalstø, 12.09.2014

Gjennomgang av viktige område for MVA kompensasjon

Vi gjennomfører ein særskild gjennomgang av sentrale områder som er omfatta av kompensasjon for meirverdiavgift i kommunane. Det er særleg ynskjeleg å sjå nærare på praksis for kommunale idrettsanlegg samt bustadar med helseføremål og sosiale føremål. Det vil også bli ein gjennomgang av kommunane si handsaming av utgåande meirverdiavgift ved sal.

Føremålet med gjennomgangen er å avklare om kommunen har system for å sikre korrekt praktisering av regelverket samt bidra til å hindre feil praktisering gjennom kontroll av system og rekneskap.

Etter lov om kompensasjon av meirverdiavgift¹ § 14 kan skattekontora krevje utbetalt kompensasjon korrigert i inntil 10 år frå utbetalingstidspunktet. Feil praktisering av regelverket kan difor innebere store økonomiske konsekvensar.

Under fylgjer ei kort framstilling av regelverket på dei ulike områda samt ei skildring av kva informasjon vi ynskjer tilgjengeleggjort i samband med gjennomgangen.

Gjeldande regelverk for idrettsanlegg

Etter lov om kompensasjon av merverdiavgift § 4 andre ledd nr 3 har kommunen ikkje rett på kompensasjon for «merverdiavgift på anskaffelser til bygg, anlegg eller annen fast eiendom for salg eller utleie».

For kommunale idrettsanlegg er hovudregelen er at kommunen har rett på kompensasjon knytt til anlegg kommunen er eigar av dersom kommunen står for drifta og anlegga vederlagsfritt blir stilt til disposisjon for allmenneita.²

Lokale idrettsklubbar si normale bruk (ikkje kommersiell karakter) er å rekne som allmenn bruk. At bruken må vere vederlagsfri inneber at det skjer ei avgrensing mot utleige. Skattedirektoratet har gitt uttrykk for at reint symbolske beløp ikkje hindrar kompensasjonsrett. Dette kan til dømes vere at ein betaler eit lite beløp når ein hentar nøkkel. Den øvre grensa for vederlag er sett til kostnadsdekking for reingjering etter den aktuelle bruken. Det er ikkje høve til å krevje fleire små betalningar som isolert er uvesentlege dersom desse samla overskrid reingjeringskostnadar.

Om symbolsk beløp står det i meirverdiavgiftshandboka³:

«Skattedirektoratet har fått spørsmål om hva som regnes som symbolsk beløp ved eksempelvis bruk av en kunstgressbane der det ikke påløper rengjøringskostnader, herunder om det kan ses hen til strømkostnader o.l. i stedet. Vi legger til grunn at det kun er faktiske rengjøringskostnader som følge av den bestemte bruken som kan kreves dekket uten å rammes av bestemmelsen i § 4 annet ledd nr. 3. Driftskostnader som strømforbruk mv. skal derimot ikke kunne finansieres helt eller delvis av både utleieinntekter og kompensasjon. Påløper det ingen rengjøringsutgifter som følge av bruken, kan det heller ikke oppkreves noe beløp fra bruker uten å rammes av utleiebestemmelsen.»

¹ Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. av 12. Des 2003 nr 108.

² Mva handboka 10. utg s 1001

³ Mva handboka 10. utg s 1002

Det treng ikkje vere tale om eit månadleg leigebeløp for å vere rekna som vederlag. Også innsats anten i bygingsfasen i form av delfinansiering, innkjøp av driftsutstyr og dugnadsarbeid vil vere å rekne som vederlag. Om kommunar let idrettsforeiningar nytte anlegget vederlagsfritt og samstundes reduserer tilskotet til foreininga kan det også etter omstenda bli vurdert som utleige med dei følgjer at ein mister retten til kompensasjon for bruken.⁴

Dersom den som yter vederlag reint faktisk bruker idrettsanlegget eller har førsteprioritet innanfor visse tidsrom vil det vere tale om utleige. Gåver frå andre enn brukarane vil såleis ikkje verte råka.

Gjeldande regelverk for bustadar med helseføremål og sosiale føremål

Etter lov om kompensasjon av meirverdiavgift § 4 andre ledd nr 3 har kommunen ikkje rett på kompensasjon for «merverdiavgift på anskaffelser til bygg, anlegg eller annen fast eiendom for salg eller utleie». Det er likevel unntak i §4 tredje ledd for «anskaffelser til boliger med helseformål eller sosiale formål». Unntaket gjeld også for fellesanlegg i tilknytning til bustadane.

Forskrift om kompensasjon av meirverdiavgift til kommunar § 7 definerer bustad med helseføremål eller sosialt føremål som «boliger særskilt tilrettelagt for helseformål eller sosiale formål, herunder boliger utformet etter Husbankens tilskuddsordning for omsorgsboliger». Avgjerande for kompensasjonsretten er følgeleg ikkje kva kommunen karakteriserer bustaden som, men faktisk tilrettelegging.

Særskilt tilrettelegging kan mellom anna vere fysisk tilrettelegging i form av rullestoltilpassing og alarminnretning, men også tilknytning til vaktteneste eller særleg nærleik til lovpålagt pleie- og servicetilbod⁵. Det avgjerande er om det er særskilte forhold ved bustaden som gjer han særleg eigna som helse- og sosialbustad⁶. Det vil vere tilstrekkeleg for kompensasjon at den særskilte tilrettelegginga gjer at beuar klarar seg sjølv, eventuelt med tillegg av lovpålagte heimehjelpstenester.⁷ For å ha rett på kompensasjon må bustaden også faktisk nyttast som helse- eller sosialbustad. Utleige av «psykiatribustadar» eller bustadar for rusmisbrukarar fell såleis utanfor⁸.

Kommunale bustadar kan delast i tre kategoriar ifht regelverket for mva kompensasjon

- i. Omsorgsbustad bygd med investeringstilskot frå husbanken
- ii. Omsorgsbustad bygd utan investeringstilskot frå husbanken men som er særskilt tilrettelagt
- iii. Bustad som ikkje er særskild tilrettelagt

Nærare om dei ulike kategoriane

- i. Omsorgsbustad bygd med investeringstilskot frå husbanken er særskilt tilrettelagt. Dersom beuar er tildelt bustaden ut frå behov for slik særskild tilrettelegging vil kommunen ha rett på mva kompensasjon.
 - Dersom omsorgsbustaden dei første 20/30 åra (avhengig av når tilskotet vart innvilga) etter utbetaling blir overdradd til andre eller ikkje nytta til dei føremål som var føresetnaden ved utbetalinga er hovudregelen at husbanken skal krevje at kommunen betaler tilbake tilskotet i sin heilskap.⁹
 - Ved endring i bruk eller overdraging skal kommunen justere for kompensert meirverdiavgift.¹⁰
 - Skatteetaten kan krevje korrigert utbetalt mva-kompensasjon i inntil ti år frå utbetalinga.¹¹
- ii. Omsorgsbustad bygd utan investeringstilskot frå husbanken gjev rett på kompensasjon dersom den er særskilt tilrettelagt og beuar er tildelt bustaden ut frå behov for slik særskilt tilrettelegging.

⁴ Sticos «Merverdiavgiftskompensasjon ved anskaffelse og drift av fasteiendom» pkt 1.2.3.2

⁵ Mva handboka 10. utgåve s 983

⁶ Mva handboka 10. utgåve s 983

⁷ Mva handboka 10. utgåve s 996

⁸ Mva handboka 10. utgåve s 996

⁹ «retningslinjer for investeringstilskudd fra Husbanken til sykehjemsplasser og omsorgsboliger» pkt 6.7

¹⁰ Lov om kompensasjon av merverdiavgift § 16

¹¹ Lov om kompensasjon av merverdiavgift § 14

- Ved endring i bruk eller overdraging skal kommunen justere for kompensert meirverdiavgift
 - Skatteetaten kan krevje korrigert utbetalt mva-kompensasjon i inntil ti år frå utbetalinga.
- iii. Bustad som ikkje er særskild tilrettelagt gjev ikkje rett på kompensasjon uavhengig av bebuar sine behov.

Nærare om informasjonsbehov

For å sikre korrekt handsaming ifht idrettsanlegg bør kommunen ha eit system som sikrar oversikt over fylgjande informasjon

- Kven som har vore med å finansiere idrettsanlegget
- Kven (kva organisasjonar) som utførte dugnadsinnsats under oppføringa
- Kven (kva organisasjonar) som utfører dugnadsinnsats
- Kven som nyttar anlegget eller evt har førsterett i visse tidsrom
- Kva vederlag dei ulike brukarane evt yter
- Oversikt over tilskot og endringar i tilskot i anlegget sidan anlegget vart bygd.
- Skildring av og grunngjeving for eventuelle fordelingsnøklar

For å sikre korrekt handsaming ifht bustadar med helseføremål og sosiale føremål bør kommunen ha eit system som sikrar oversikt over fylgjande informasjon.

- Adresse, byggjeår, om bustaden er bygd med tilskot frå husbanken samt om ein har kravd mva kompensasjon ved bygginga
- Om bustaden er særskild tilrettelagt og kva den konkrete tilrettelegginga består i
- Om bebuaren har behov for den konkrete tilrettelegginga samt referanse til vedtak e.l.

Det er også å anbefale at ein har rutinar som sikrar at spørsmålet om kompensasjonsrett blir vurdert og registrert ved endring av bebuar samt ei medviten haldning til bebuar sine behov og den konkrete bustaden sine tilpassingar ved tildeling - for å unngå eventuelle korreksjonar og tilbakebetalingskrav.

Vi ber om å få tilsendt oversikt over informasjonen over i den grad det er registrert, samt ei skildring av kommunen sine rutinar på områda. Det er lagt ved døme på eit skjema som kan nyttast for registrering av informasjon knytt til bustadar. Mottatt informasjon vil danne grunnlag for gjennomgangen av dei ulike områda. Dersom det er ynskjeleg og gjennomgangen viser at det er hensiktsmessig vil det på bakgrunn av innkommen informasjon bli forsøkt utarbeida produkt som kan nyttast internt i kommunane for systematisering av informasjon og avgiftsmessig handsaming.

Når det gjeld kommunane si handsaming av utgåande mva ved sal vil vi komme tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

Vi set pris på dykkar samarbeid og innspel. Ta gjerne kontakt.

Med venleg helsing
Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef